

Helgedagen



DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 4 - September 2021 53. årg.



Barnehagen i Bryne kyrkje 40 år

side 6



Hagen på Re

side 4



Fire på gata

side 5



Heimly barneheim

side 16



Rektor Sælands veg

side 22

BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN**Kyrkjekontoret** tlf. 51 77 03 77

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00

Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne

Inngang frå Saronsbrotet

heimeside: www.timekyrkja.no

e-post: kyrkjekontoret@timekyrkja.no

Prost: Lars Sigurd Tjelle tlf. 474 51 340

Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222

Diakon Time og Undheim: Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919

Diakon Bryne: Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039

Sekretær: Inger-Kathrine Kjølberg tlf. 51 77 03 77

Assisterande kyrkjevevjer: Siri Vik tlf. 906 43 758

Kyrkjevevjer: Gunnar Bjorland Stone tlf. 406 01 079

Prosjektleiari i Time: Asle Steinbru tlf. 979 79 771

Time

Sokneprest Yngvar Nilsen tlf. 466 52 874

Musikalsk leiari: Frode Skårland tlf. 489 97 102

Kyrkjelydspedagog: Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872

Kyrkjetenar helg: Elen Fosse tlf. 981 89 102

Soknerådsleiari: Marianne Hauge tlf. 481 14 974

Dagleg leiari: Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276

Klokkar: Oline Høie Hetland tlf. 400 80 674

Ungdomsarbeidar Lye: Martin Berge tlf. 958 35 364

Kyrkjetenar ved gravferd:

Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276

Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Bryne

Heimeside: www.brynekyrkja.no

Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105

Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708

Kyrkjelydspedagog: Tone Vold tlf. 918 81 818

Administrasjonleiari:

Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 77

Dagleg leiari / kyrkjelydsutviklar:

Jostein Aa. Tollaksen tlf. 909 88 880

Soknerådsleiari: Ola Undheim tlf. 908 58 793

Kyrkjetenar helg: Arne Espevik tlf. 909 70 522

Kyrkjetenar helg: Lars Andreas Olsen tlf. 466 56 825

Lye forsamlingshus

Heimeside: www.lyeforsamlingshus.no

Undheim

Heimeside: www.undheimkyrkja.no

Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20

Sokneprest: May Brit Merland Arnø tlf. 467 94 518

Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346

Ungdomsarbeidar Eline Fosse tlf. 454 83 455

Sokneprest vikar: Roald Byberg tlf. 400 38 028

Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560

Soknerådsleiari: Hanne Brit Sandsmark tlf. 996 26 157

Dagleg leiari: Frode Skårland tlf. 489 97 102

Time sokneråd time.soknerad@timekyrkja.no

Bryne sokneråd: bryne.soknerad@timekyrkja.no

Undheim sokneråd: undheim.soknerad@timekyrkja.no

Frå kyrkjevevjerja sitt bord

Etter ein herleg og solrik sommar, er me så smått i gang med haustens mange oppgåver. I år startar me semesteret med håp og tru om at me igjen skal kunne samlast slik me gjorde før pandemien slo til i mars i fjor. Me planlegg for meir normale forhold, der fellesskapet og nærleiken til kvarandre endeleg kan koma til sin rett. Me ser fram til det!

Hausten startar med nokre endringar i staben på kyrkjekontoret:

Diakoni – i slutten av fjoråret auka me opp diakonien med ein halv stilling, frå 100 prosent til 150 prosent. I samband med dette har me gjort følgjande omorganisering av stillingane: frå august av vil Marit Høie Hetland vere diakon i Bryne sokn, medan Praxedes U. Slettebø vil vere diakoniarbeidar i Time og Undheim. I tillegg vil Praxedes ha ansvar for dei tiltaka som er felles for alle tre sokn.

Kyrkjelydspedagog – Det er tilsett ny kyrkjelydspedagog i 80 prosent stilling til trusopplæringa i Bryne sokn. Tone Vold kjem frå stillinga som pedagog og avdelingsleiari i Tryggheim barnehage og startar hjå oss 13.september. Me ønskjer Tone hjarteleg velkomen og ser fram til å ha ho som ein del av staben.

Bygg og anlegg

Time bårhus har lenge hatt behov for omfattande rehabilitering. Dette arbeidet vil starte i haust og skal fullførast i 2022. Bårhuset

vil då gå frå å innehalde eit enkelt syningsrom, kjølerom og lager, til å vere eit livssynsoppe seremoni- og syningsrom med tilhøyrande moderne kjøleapparat.

Time kyrkje har i 2021 fått nytt lydanlegg som vil heve opplevinga både ved vanlege arrangement, men òg ved konsertar og større tilstellingar. Dette er sett opp av Dag Olaf Aastebøl i Tråd AS, med god eksperthjelp frå Lars Rune Nygård.

I Bryne kyrkje har dagleg leiari Jostein Aa. Tollaksen leia arbeidet med innkjøp og montering av både kamera/streamingutstyr og oppgradert scenebelysning. Dette gjev kyrkja heilt nye moglegheiter til å dele gudstenester og andre arrangement med dei som ikkje har høve til å vere fysisk til stades.

Me går inn i hausten med begeistring for det som ligg framfor oss, og med eit ønskje om å vere ei open kyrkje som ser og tener menneske der dei er.

Guds fred!

Chiaki voks opp i Japan. Ho vart kristen gjennom norsk misjonsarbeid i Kobe. Det er fleire kristne songar som Chiaki likar, songar som er oppmuntrande og gir trøyst i livet. Men Min salme som ho har valgt her, har vore spesielt viktig dei siste åra.

Tekstforfattaren Trygve Bjerkrheim var onkel til ho som skulle verta Chiaki si svigermor. Chiaki møtte seinare forfattaren personleg både på Fjellhaug og i familieselskap.

– Vi sier vi kan ikke gjøre noe annet enn å be. Men å be har sprengkraft i seg. Det krever tålmodighet, men gir håp. Her ser vi refrenget av songen på japansk.

答えは必ずやってくる
神の時が来れば
私があるから 助けると
主の約束があるから

Direkte til norsk vert den japanske teksten slik:

Mine hender er små og hjelpeløse. Men når jeg folder dem og ber, virker Guds allmektige hånd. Vi skal få svaret, når Guds tid er inne. For Gud har lovet meg at han skal hjelpe meg/frelse meg.

Vi vet ikke når. Men Guds løfter gir håp. Som min mor. Hun ble bedt for i mange år. Ingen visste hun skulle dø den vinteren jeg var i Japan. Og nesten ingen visste hun skulle bli frelst heller. Mor ble døpt på sykehuset rett før hun døde. Men det var Guds tid, tror jeg. Og jeg ble glad for å oppleve frelsen. Mens vi er i tunnel og i mørke, kan vi ikke se når Guds tid gir oss svar. Problemer som ligger rett foran våre øyne, er kanskje for store og vi ser ikke løsningen. Gud har lovet at han skal hjelpe oss/frelse oss.

Chiaki liker best den japanske oversetjinga av songen. Men vers 2 liker ho best på norsk. Alle mødre si bøn. Chiaki ønskjer å be med tålmod.

– Gud har gitt meg oppmuntring og trøst gjennom det kristne fellesskapet, der jeg har møtt omsorg og praktisk hjelp.



Chiaki går i Frikyrkja på Bryne og har godt bønefellesskap både på norsk og på japansk.- På Bryne har jeg også kontakt med det japanske ekteparet som dreiv Bønnehuset. Guds kjærlighet blir formidlet gjennom hender som ber.

Takk Gud for at du tok imot meg som jeg er og gir meg håp

Sal 37:5

Det er makt i de foldede hender*Tekst Trygve Bjerkrheim*

*Det er makt i de foldede hender,
i seg selv er de svake og små.
Men mot allmaktens Gud du dem vender:
Han har lovet at svar skal du få.
Refr.*

*Det er svar underveis,
engler kommer med bud.
Om det drøyer, det fram dog skal nå.
For det lovet jo løftenes trofaste Gud:
Kall på meg, og du hjelpen skal få!*

*Du som ber for ditt barn, dine kjære,
er i forbønn fra år og til år.
Om du tålmodets lekse må lære,
himlens bønnesvar engang du får.*

*Det er makt i de foldede hender
når i Frelserens navn du får be.
Og engang, når du livsløpet ender,
hvert et bønnesvar klart skal du se.*

Framsida: Barnehagen på tur - Foto: privat

Utgitt av: Time kyrkjelege fellestråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad og Arnfinn Vigrestad.

Trykk: Kai Hansen Trykkeri. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellestråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@timekyrkja.no.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 8. november

Hagen på Re



Anne Grete og Oddmund sit nedpå av og til! Me takkar for interessant følgje frå vår til haust i hagen deira!



Sylteagurk



Tomater



Eple



Løk til tork



Bønner av fleire slag på Re, her bondebønner



Paprika

Fire på gata

Frode Hamre

Kva har vore det vanskelegaste i koronatida?

Eg er fosterpappa og det tøffaste for meg i denne tida har vore å få ein ny ungdom heim ein måned før nedstenging. Me har hatt ein normal måned saman. Guten mista skulen, trening, trafikalt grunnkurs m.m. og eg vart permittert. Livet vart totalt snudd på hovudet. Eg og fostersonen fekk oss eit "krasjkurs" saman i det å bli kjende med kvarandre. Og det gjekk bra.

Kva gler du deg til å begynna med igjen?

Eg gleder meg mest til å få forutsigbarheten tilbake, kunna planleggja ting som me kan sjå fram til, normale forhold der venner og familie kan vera saman.

Kva ser du mest fram til?

Eg ser fram til å kunna for eksempel bestilla tur til London der eg og fostersonen kan oppleve byen saman. Ser fram til å ha besøk heime, slik at den unge guten vert kjend med min familie og mine venner. Gjenoppta reising med jobb, på messer i inn- og utland.

Men summa, summarum. Frode vil ikkje klaga. Har hatt det godt.

Arne Ove Teigen

Kva har vore det vanskelegaste i koronatida?

Det har vore å ikkje kunna samla heile familien på ein gong, men berre nokre få i



slengen og då helst ute! Vidare har det vore eit sakk å ikkje kunna få ein god klem frå barnebarna.

Kva gler du deg til å begynna med igjen?

Eg gler meg til å kunna gå på samkomer, arrangement og vera saman med andre utan heile tida vera redd for å verta smitta av korona.

Kva ser du mest fram til?

Kunna vera meir saman med barnebarn, familie og venner, samt kunna samlast til gruppesamlingar.

Bjørn Håland

Kva har vore det vanskelegaste i koronatida?

Då eg aldri har vore ein stor "fan" av klemming og store familiesamlingar, har reglar om avstand og få besøkande ikkje gjort meg så mykje. Unntaket var gravferda til far: Avgrensingar i talet på deltakarar i sjølve gravferda, og ikkje anledning til skikkeleg minnemøte etterpå.

Kva gler du deg til å begynna med igjen?

Etter at eg vart full-vaksinert, har me levd nokså normalt. Kjem ikkje på noko spesielt som eg skal begynna med nå.



Kva ser du mest fram til?

Dersom det syner seg at vaksinen er effektiv i eit litt lengre perspektiv, så blir det greitt å bevega seg og reisa litt friare utan å måtta sjekka smittetal og planleggja nøye for kvar tur. Korona vil truleg ikkje forsvinna heilt, men me får håpa at samfunnet finn måtar me kan leva

nokolunde normalt på, men med smitten blant oss.

Øyvind Gulliksen

Kva har vore det vanskelegaste i koronatida?

- Å ikke få være så mye med venner som jeg skulle ønsket
- Å ikke få gi eller få klem
- Å måtte tenka på meteren hele tiden overfor de jeg ikke er så mye med
- Å bruke munnbind der det er påbudt

Kva gler du deg til å begynna med igjen?

- Gi klemmer, sier Øyvind med et stort smil
-Jeg har gitt mange smil i denne tiden og fått mange tilbake.
- Å være med litt flere venner utenom vennekohorten
- Gi klapp på skulderen til de på jobb

Kva ser du mest fram til?

- Å reise til utlandet. Danmark blir gjerne første landet jeg vil til. Lenge siden jeg var der sist. Jeg vil til Legoland. Jeg liker godt å bygge med Technic- lego. Jeg skal bli anleggsgartner og arbeider nå som lærling. Når jeg bygger, lærer jeg ting jeg kan bruke i jobben, og så bruker jeg hjernen!

Når Øyvind konkluderer, så synes han ikke han har hatt det så vanskelig i koronatiden. Han har levd ganske normalt. - Jeg har kunnet treffe tanter, onkler og søskenbarn. Jeg bor hos mormor og morfar, så vi er i samme kohort.



Barnehagen i Bryne Kyrkje:

– Populær arbeids- og leikeplass i over 40 år

Kjem du til Bryne kyrkje om kvelden eller i helga, veit du kanskje ikkje om det yrande livet i kjellaren kvar dagar frå måndag til fredag. Her veks og utviklar barn seg i relasjon til trygge vaksne. Barnehagen i Bryne kyrkje har følgjande visjon: Trivsel, tryggleik og tru på meistring i eige liv.

TEKST: REIDUN JANE HESKESTAD
FOTO: PRIVAT

Utvikling og endring dei siste 20 åra.

Rut Steinbru har vore med heile tida bortsett frå 2 år med vidareutdanning. Ho var i starten styrar både i Fotland barnehage og Barnehagen i kyrkja.

Korleis har barnehage endra seg i løpet av tida du har jobba her?

– Først og fremst har me fått ei anna driftsform – frå korttids- til heildagsbarnehage. No har me tilbod om heildagsplass fem dagar i veka. I starten kunne barna gå tre dagar og to dagar, men berre fire timar kvar dag.

Barnehagen i Bryne kyrkje vert driven i samsvar med lovar og

BARNEHAGEN I BRYNE KYRKJE 2021

Eigar: Time kyrkjelege Fellestråd som og tilset personale

Driftsform: Heildagsbarnehage

Talet på barn: 19 stk – av dei er 7 småbarnsplassar. Talet på barn varierer etter fordeling på små og store plassar.

Alder 1-6 år

Opningstid: kl. 7.30–16.30

Tilsette: 5,2 årsverk - styrar, pedagogisk leiar og assistent/fagarbeidar

Feriestengt 4 veker i juli

reglar som gjeld i kommunen. Rut opplever eit godt samarbeid med Time kommune.

– Som privat barnehage vert me godt ivaretekne og inkluderte. Me

får vera med på kompetanseheving, planlegging, nettverk og får vera med i kommunale prosessar som gjeld vårt arbeid. Eg har alltid følt meg ivaretatt i kommunen, og det har vore “kort veg” for å få hjelp.



Slik opplever eg òg samarbeidet med eigar. Kyrkjeleg fellestråd og tilsette i kyrkja bryr seg. Barnegruppa besøker kyrkja mellom anna ved høgtider. Me blir møtt med rausheit og interesse. I løpet av ei veka treffer me gjerne tilsette her og opplever det som positive møte.

Barnehage i ei kyrkje

Korleis opplever du å driva med utvida kristen føremålsparagraf?

Eg tenkjer at me er ein del av mangfaldet. Me er tydelege på kva utvida føremålsparagraf betyr i kvardagen. Det at me er lokaliserte i kyrkja, viser òg tydeleg kva me står for. I årsplan finn ein blant mykje anna årshjul for bibelforteljingar. Me har mange kulturar blant brukarane våre og er bevisste på å ivareta deira behov t.d. med mat. Me vil veraause! Gjensidig respekt er viktig. Barnehagen har i mange år hatt praksiselevar både frå kompetansesenteret og andre skular.

Godt foreldresamarbeid – me er opne om det me driv med. Det gjer foreldre trygge. Foreldre finn òg kvarandre gjennom barnehagen.

Barnehagen er liten - kva tenkjer du om det?

– Ein barnehage er ikkje god på grunn av størrelse, men på grunn av menneska som jobbar der og innhaldet dei gir barnehagen. Foreldre søker gjerne vår barnehage på grunn av at han er liten, men også på grunn av plassering, driftsform og tips frå andre som har barn her.

Fordel og ulempe å vera i ei kyrkje?

– Me trivest godt med å vera i

kyrkja. Han ligg sentralt i byen med skog, bibliotek, leikeplassar like i nærleiken. Her rekk me det meste utan bilkjøring. Lett er det òg for foreldre å koma vidare med tog eller buss. Me tenkjer at Bryne treng ein sentrumsbarnehage. Det har i periodar vore arbeidd med å flytta barnehagen. Kyrkja har no tankar om Karlsen-huset. Eg synest det er flott at dei vil styrka barnehagen si driftsform og byggja nytt. No er me her og me vil driva best mogeleg her me er.



Løvetann er blitt kunst

Må barnehagar “by på seg sjølv” i våre dagar?

– Me må sjølvstøtt dokumentera kva me held på med. Foreldre i dag etterspør, stiller krav - både praktisk og pedagogisk – og det synest eg berre er positivt.

Me må framstå slik me er. Det er viktig med god foreldrekontakt - vera opne og gi god informasjon. Me har Face-book-side og gruppe for foreldre og personale. Då barnehagen var koronastengt, sende me samlingar med eventyr,

songar og “Fødselsdagssong”. Dette var svært populært.

Har barnehagen faste tradisjonar?

– Ja, me har mange tradisjonar som me er glade i. I årsplan er tradisjonane nemnt i rekkefølge etter årsrytmen. Der viser det igjen at dei ser verdien av faste tradisjonar – minst ein tradisjon pr. månad!

Potetopptak på Særheim, -FN-kafe – med sal av barnekunst til inntekt for t.d. barneheimar i t.d. Ukraina, pepparkakebaking – besteforeldre eller andre er velkomne til å vera med. Svært populært! Julevandring i kyrkja, Omvendt julekalender – å gi i staden for å få. Kino – barna lagar pengar, billetter og plakatar. Førskulebarna har ansvar for kioskchips, frukt og vatn står på menyen “Ta ein trall” – 5-åringane er med å feira Arne Garborg sin fødselsdag. Påske og pinse kjem kateketen på besøk og fortel.

Barnehagen har i tillegg: Trafikkdag, Bamsefest med bamsesjukehus

Rut si drivkraft

Rut, du har jobba i barnehage frå 1989 - kva er viktig i arbeid med barn?

– Å sjå barna – vera tydeleg vaksen på ein raus og empatisk måte og vera sensitiv på barna sine behov

Kva gjer at du held ut?

– Det er folka – små og store. Eg likar å jobba nær barn og personale. Eg har hatt godt og stabilt personale. Me trivst saman. Humor og glede høyrer med. Samarbeid med eigar - blir sett og får ha vår plass i kyrkja. Godt samarbeid med Time kommune har òg gjort

denne barnehagen til ein god arbeidsplass.

Etter fin samtale med Rut, ønsker Helgedagen å få høyra starten på barnehagehistoria.

Opning av Barnehagen i Bryne kyrkje august 1980

Turid Grønstad frå Sandeid var ei viktig brikke i oppstarten.

– Eg var nyutdanna, vart tilsett i mai 1980, var for først gong på Bryne, fekk omvisning og takka ja til stillinga.

– Skjønar ikkje at dei torde å tilsetja ein nyutdanna førskulelærer som ikkje hadde ikkje fylt 22 år, som styrar i ein nyoppretta barnehage.

Turid var ikkje med i planleggingsprosessen. Opptaket av barn var klart. Ferien dette året vart brukt til å studera leike- og utstyrs katalogar. 1. august starta ho barnehagen saman med ein assistent. Dei hadde 14 dagar til innkjøp, strikking og sying.

– Eg kjende ingen på Bryne, fekk stad å bu på Pollestad.

Turid fann seg etter kvart mann på Jæren og tok òg etternamnet Haugland.

BARNEHAGEN I BRYNE KYRKJE 1980

Eigar: Time sokneråd
Driftsform: Korttidsbarnehage
Talet på barn: 32 (16 barn i to grupper)

To-dagars-gruppe: tysdag og torsdag, 3–5-åringar

3 dagars-gruppe: måndag, onsdag, fredag, 5–7-åringar

Opningstid: kl 9–13

Tilsette: Styrar (80%) og ein assistent

Følgde skulen sine feriar



– Etter to veker med diverse praktisk arbeid, var me klare til å ta imot barna. Assistenten vart sjuk dei første dagane og vikar måtte inn, så det vart ein tøff start.

Ny erfaring både for personale, foreldre og barn

Kven hadde du å støtta deg på som nyutdanna?

Kyrkjelydssekretær Steinar Sandvik hadde kontor i kyrkja. Han var til svært god hjelp for meg. Han kunne svara på det meste. Han hjalp òg med kontakt med dei rette i kommunen. Barnehagane låg på den tid under Sosialkontoret. Elles jobba eg saman med ein dyktig assistent, Astrid Øvstebø, som no har gått bort.

Eksamen frå handelsskule var til god nytte i styrarstillinga. Eg hadde ansvar for det meste, men førte ikkje rekneskap. Eg kjende

meg godt inkludert av dei andre barnehagane i kommunen. Det var fleire korttidsbarnehagar på den tida, og me samarbeidde godt.

Dei fleste barna gjekk i barnehage for å treffa andre barn og få leikekameratar. Det gjekk mange bygdebarn hos oss. Mange hadde lang veg til venner, og garden kunne vera ein farleg leikeplass. Dei fleste foreldre jobba heime eller i korttids-stillingar.

Eg opplevde mange positive foreldre med stor dugnadsiver. Foreldre var svært takksame for barnehageplass, for det var “kamp om plassane” på den tida! Det var òg dyrt med barnehageplass, så ikkje alle såg seg råd til det.

Korleis de med planar for arbeidet i barnehagen?



Ingen tvil - vatn engasjerer!



Dyr treng òg mat



Tur i Sandtangen og ei god hand å halda i.

– Me følgte årstidene og tok tak i det barn var interesserte i. Løe, silo, traktor og husdyr var populære leiker.

Handskriven månadsplan på oppslagstavle var info foreldre fekk. På foreldremøte fekk dei òg informasjon.

Noko du hugsar spesielt godt?

– Ja, ei påskeforteljing eg las om “Dei tre trea”, ei legende - om tre tre som vart til ulike ting som fekk betydning i Jesu liv. Eitt av trea vart krossen. Eg hugsar dette så godt fordi eg kjende og såg at barna var heilt med i forteljinga - dei lytta, såg og tenkte, og så fekk me fin samtale etterpå. Samlingstund har eg alltid likt.

Elles så gjekk me på tur i tau til Sandtangen, “bada” i lauvet i bøkeskogen oppe på Sletta, og så samla me naturmateriale til bruk i formingsaktivitet.

Du har sjølv barnebarn i barnehage no. Kva tenkjer du er største skilnad på barnehagen på 1980-talet og barnehage i dag?

– Dokumentasjon og planar. Tilsette må no dokumentera eige arbeid og barn si utvikling på ein heilt annan måte enn me måtte. Foreldre får ein fylldig årsplan, vekeplan, månadsplan og mykje biletstoff på nett.

Barnehagen i Bryne kyrkje har utvida kristen føremålsparagraf. Kva medførte det på den tida?

– Lærte om dei kristne høgtidene – førebudde oss både med tekstar, songar og forming. Bibelforteljing ein gong i veka, song bordvers, kristne barnesongar, besøk i kyrkjerom som gav barna eit naturleg tilhøve til kyrkja.

La barn leika!

Turid slutta i barnehagen i Bryne kyrkje i 1994 for å følgja 6-åringane over i skulen. Ho ville vera med “å passa på” at 6-åringane fekk leika på skulen. Først arbeidde ho i 6-årsgruppe og SFO og seinare i 1. klasse. Turid opplevde at på skulen vart det etter kvart mindre tid til leik. Sjølv brenn ho framleis for leiken. Hennar oppfordring til alle som arbeider med barn: La barna leika!

Då Helgedagen kom på besøk til barnehagen og skulle opna den forsvarleg lukka porten, kom to jenter på sykkel mot meg, godt dekkja av munnbind. Oi, tenkte eg, eg har ikkje munnbind med! Eg møtte snart ein tilsett utan munnbind, så eg skjønna at eg kunne gå inn. Det viste seg nemleg at dei to jentene var tjuvar som var “maskerte” med bøffen sin. Herleg når barn leikar!

Etter engasjert samtale med to flotte førskulelærar som har drifta barnehagen i Bryne kyrkje store delar av dei 41 åra, set Helgedagen igjen med at flotte tilpassa bygningar og superfin uteleikeplass ikkje er avgjerande verken for god drift eller for god trivsel i ein barnehage. Kloke vaksne som veit at leik ikkje er tidtrøyte, er utan tvil ein avgjerande faktor. Dei har alltid i tankane at leik har sin eigen verdi og er viktig for at barn skal utvikla seg både sosialt og kognitivt. Helgedagen ønsker lykke til med nytt barnehageår til store og små!

Hans Nielsen Hauge – kven var han og kva ville han?

TEKST: JENS OLAV MÆELAND

Det er 250 år sidan Hans Nielsen Hauge blei fødd (1771). Difor blir det i år gjennomført ei landsomfattande feiring, eit Hauge-jubiléum. Ingen person i hans samtid kom til å bety så mykje for folk og kyrkje i vårt land som han. Han drog på kryss og tvers i landet gjennom sitt 8-årige virke, frå 1796-1804. Under denne hektiske reiseverksemda heldt han fleire tusen samlingar der han tala sterkt og myndig til unge og eldre.

Og samstundes skreiv han bøker og hundrevis av brev. I desse åra blei han fengsla 10 gonger, og til slutt eit fengselsopphald på 10 år der helse fekk ein knekk. Dei siste ti åra var han fri mann, høgt akta – og gav ut nye bøker. Alt i alt: Han sette spor som endra folks liv – og opna døra til ei ny framtid.

Spørsmålet reiser seg: Kva var det spesielle ved denne mannen? Og: Kva var det som gav vind til hans livs segl?

Bakgrunnen

Norge var eit land i bakevje. I 1801 budde det berre 900 tusen i heile landet. Av dei budde 90 tusen i byar, med Bergen som den største. Ein mangla nasjonalt sjølvstende, og det fanst ikkje statsberande institusjonar, eksempelvis korkje bankar, høgskular eller fritt næringsliv. Bønder og husmenn utgjorde fleirtalet, med eit veksande borgerskap i byane – knytte til handel og ymse handverk. Næringsliv og handel var regulert med statlege monopoltiltak og handelskompani. Konge-styret var eineveldig med Kanselliet i København som utøvande organ, og embetsverket som kontrollorgan. Alt var styrt og kontrollert ovanfrå.

Slik fungerte også kyrkja. Soknepresten var kongens mann som styrte truslivet. Kyrkjegang var ei plikt, med gapestokk som straffe- og skam-tiltak.

Også «statspietismen» (frå byrjinga av 1700-talet) blei ei kongeleg forordning, med «Konventikkelplakaten» (frå 1741) som påla husandakt og presteleg tilsyn.

I Frankrike hadde Revolusjonen snudd opp-ned på tilhøvet folk og kyrkje, med parolen: Fridom, Likskap og Brorskap. Men det blei ei blodig hending med politiske tilbakeslag. I Nord-Amerika var Frigjeringskampen gjennomført, med nye ideal om toleranse og fridom i 1776.

Opplysningstid og rasjonalisme fekk innpass ved universitetet i København kring 1750 – også i prestestanden, og bølgiene av det som skjedde ute i verda, slo inn i det tilstivna norske samfunnet der bonde- og embets-stand stod mot einannan, og med eit veksande «borgarskap». I dette klimaet melde ein ny klasse seg – «småborgarskapet». Her kom Hauge-venene til å gjera seg gjeldande.

«En enkel bondesønn...»

Hans Nielsen Hauge var bondeson frå Thune i Rolvsøy. Familien var prega av religiøst alvor, med postille-lesing, husandakt og kyrkjegang. Det var Johan Arndts «Sande Christendom» og Pontoppidans katekismeforklaring «Sandhed til Gudfrygtighed» som var berejlekar i det religiøse livet, samt salmar av Kingo og Brorson. Som ungdom pugga Hauge salmar, og song dei medan han arbeidde på garden. Hans indre liv var prega av spenning mellom lære og liv. Det glapp for han gong på gong i kampen for å vinna siger og

avklaring i truskampen. Men ein vårdag då han arbeidde på garden og nynna på salmen «Jesu din søde forening at smage», fekk han eit åndeleg gjennombrøt. Då han song den andre strofa, «Styrk mig ret kraftig i sjelen derinde», blei han henrykt så «min sjel følte noget overnaturligt, Guddommeligt og Saligt...».

Han fekk ein indre trong til å vitna om sin Herre og Meister, og straks blei mange gripne av hans vitnemål og blei «vakt» og samlast for å dela sine opplevingar. «Vennesamfunn» blei desse samlingane kalla. Og rørsla spreidde seg vidt omkring. Hauge blei ikkje berre ein glødande vandrepredikant, men gjekk straks i gang og skreiv bøker. Den første fekk tittelen «Betraktning over Verdens Dårighed». Der svingar han svepa over presteskabet som «gjør veien bred til himmelrik. De taler om Kristi igjenløsning, men ikke om hans efterfølgelse».

Motstanden kom straks med trakassering, fengsling – i alt 10 fengselsopphald, før han seinhaustes 1804 blei fengsla og anklaga for brot på lausgjengarlova og «Konventikkelplakaten» av 1741.

Kven var han?

Frå oppveksten var han van med hardt fysisk arbeid. Psykologisk var han følsam og sårbar, hadde stor evne til innleving i sitt eige og andre sitt sjelsliv. Han kunne lesa sine medmenneske, og visste korleis han skulle samtala for å vinna deira godhug; kort og godt: Ein menneskekjenner av rang! Dernest var han ærleg mot seg sjølv – og aller mest mot sin Gud. Han hadde ei indre pliktkjensle, var rastlaus med ein sterk vilje til å setja i verk det han var overtydd om. Han stod for det han trudde på, også om det kosta motgang og

slag og fengsel. Med rette har han blitt kalla «Ildprofeten». Det var botspietismen som var hans åndelege forankring. Det innebar sjølvprøving og forsaking. Tileigning av ei sann og levande tru skjer gjennom kamp med eigne lyster og temperament. «Ingen vinner frem til den evige ro, som seg ei veldig fremtrenger», var botspietismens parole. Å vera «vakt» var ikkje ei følelssesak, men ei djup samvits-sak. Overfladisk kristendom var eit feilspor. Denne kampen var ein prosess der det stod om liv eller død. Men kampen ville kronast med eit nytt sinn, ein ny fødsel –

delaktighet i Guds heilage Ande. Hauge meinte at han kunne merka når eit menneske var inne i denne kampen – og når ein hadde funne fram; dvs «var av samme Aand».

Dette ville skape ein trong til samfunn, til å koma saman til lesing, formaning og bønn i det som no blei kalla «vennesamfunn». Der ville truslivet få næring, styrke, samhald og inspirasjon til livsutfalding.

Kjenneteiknet på det nye livet var nemleg praktisk nyskaping til beste for nesten og folket ein hørte til.

«Ånd og Hånd» skulle svara til einannan. Latskap og likesæle var eit teikn på ei død tru, mens gode gjerningar og nyskaping var teikn på ei ekte og sann tru.

Profet og Gründer

Hauge var ein ivrig Bibel-lesar, også lenge før kallsopplevinga. Han kjente dei ulike skriftene, og kunne anvenda ordet på ein direkte og avklarande måte. Han hadde ein brann i hjarta som dei som hørte han kunne merka. Dessutan hadde han ei merkeleg evne til å få menneska i tale, nå inn til dei – inn til det innerste i hjarta. Han brukte aldri manuskript når han tala, og kunne gjera seg bruk av daglegdage bilete, slik at dei kjente seg igjen. Hans evne til samtale var einestående. Dei han snakka med blei ramma i hjarte og samvit, men kjente seg også løfta opp og verdifulle. Han løyste ut potensiale som var i den einskilde. Dette skjedde ved den åndsmakt som bar tale og samtale.


Som profet var han ein visjonsberar. Dei unge opplevde hans nærvær som noko stort og grunnleggjande for deira liv og framtid. Som predikant måtte han stadig vidare. I desse 8 åra drog han gjennom bygder og byar i heile Sør-Norge, og også like til Troms. I 1803 og eit par månader i 1804 «reiste jeg 650 miile, det meste til fots», skriv han. Han gjekk så fort at det var krevjande å fylgja med.

Hauge var ein igangsetjar. Han såg både kva som trongs reint praktisk, og kva som var mulig. Ulike næringstiltak blei etablerte, men han overlet ansvar og eigarskap for det meste til andre. Av tiltak kan dette nemnast: Tegilverk, papirmølle, kornmølle, bokbinderi, sagbruk, garveri, trykkeri (og avis), handelshus, gjestgiveri, salteri og rederi, saltkokeri – og framom alt

BRYNE KYRKJE

HAUGESPOR

Skaparånd, spetakkel ... og strikkepinnar



Bryne kyrkje
Torsdag 30. sept
kl 20.00

Entré: 320 kr
 Billettbestilling
brynekyrkja.no

NB: avgrensa med plassar.
 Me følgjer smittevernsreglane
 som gjeld.

(meir info på www.ryfylkelivsgnist.no)



Grasrotrørsla som endra (Vest)landet!
 Eit jubileumsspel i Hans Nielsen Hauge sine fotspor - 250 år etter hans fødsel.

Idé og manus: Tor Øyvind Skeiseid Musikk: Aril Schøld
 Medverkande: Silje Vignes Flesjå, Svanhild Eggebo Spanne, Tollei Frestad, Aril Schøld og Tor Øyvind Skeiseid

eit distribusjonsnett for spreining av bøker. Om lag 30 tiltak til saman. Han var ikkje opptatt av eigen gevinst, og alt hang saman gjennom eit nettverk av tillit og god forvaltning. I Bergen løyste han handelsbrev i 1801, og dei mange tiltaka der blei forvalta av svogeren Loose. Det meste skjedde med stort tempo og var eit vågespel. Han lukkast ikkje som skipsreiar.

Fengselstid – og tida etter

Fengslinga i oktober 1804 førde til eit veldig tilbakeslag for heile rørsla. Tenk, leiaren deira var kriminalisert, og bøkene skulle inndragast!? Det første året var han i einecelle, med tale- og besøksforbod. Han fekk berre koma i frisk luft tre gonger første året, og blei sjuk - lunge-sjukdom og skjorbuk mm. Men i 1809 blei han henta ut for å etablere saltkokeri – i 7 månader.

Den endelege domen i «Over-kriminalretten» gjekk ut på brot på Konventikkelpakaten og at han hadde fornærma geistligheten. For dette skulle han betala 1000 Riksdalar til Chistiania fattigkasse! Hauge hadde dei siste fengselsåra fått etablert seg på Bakke gard, og kunne no få ta imot vener og

interesserte. Han skreiv både ei livsreise-skildring, og ei bok om åndelege erfaringar. Det kom liv igjen i rørsla utover heile landet, og ein ny generasjon predikantar heldt samlingar og stod i vekkingar vidt ut over. Men han sjølv var ferdig med reiseverksemda. Han blei gift, og den første kona døydde i barsel. Sonen, Andreas, blei seinare sekretær i Misjonsselskapet. Den andre kona fekk tre barn, men ingen levde opp.

Hauge og Jæren

Hauge gjekk over Jæren første gongen i 1798, langs kysten. Han kom då frå Bergen der han hadde fått trykt boka «De Enfoldiges Lære», som han selde eller gav bort gratis. Den andre gongen var i februar 1804. Då var det mange ungdomar som fylgde, og det enda opp med samling på Aase gard i Høyland. Der var det fleire ungdomar som seinare rekna seg som Hauges «venner», mellom anna Torger Siqveland, Endre Norem og Sven Ingebrigtsson Mossige. Torger blei ein leiar i Arendal og seinare i Stavanger, mens Sven blei lensmann og seinare stortingsmann. Norem dreiv som hattemakar i Kristiansand.

Hauge gav ikkje tilskunding til noko særskilt næringstiltak på Jæren. Om innslaget av haugianisme på Jæren heiter det at i Hå var det «en hel del», i Time var det «adskillige, men i Klepp mange». I Høyland var det «et betydelig antall». Det haugianske innslaget blei knytta til familiar. Fleire av dei som blei Hauge sine venner, blei seinare med på stiftinga av Misjonsselskapet i 1842.

SAGT OM HANS NIELSEN HAUGE

Dag Kullerud (i boka Mannen som vekket Norge): «Han er nok det nærmeste vi kommer en profet på norsk jord i moderne tid».

Arne Garborg: «Det er ikke Henrik Wergeland, men Hans Nielsen Hauge som har skapt det norske nittende Aarhundre».

Alexander Kielland: «Større Mand end Hans Nielsen Hauge havde vi aldrig havt. Det burde mer og mer gaa op for os».

Francis Sejersted: «Haugevekkelsen var med på å danne forutsetningen for et fungerende demokrati i Norge».

Sverre Steen: «Geniets flamme brant i hans skrifter og i hans tale».



STEVNEMØTE MED SALMEBOKA


TEKST: ELSE MARIE BUE

Nr. 495 Norsk Salmebok -NoS
Svenske Britt G. Hallqvist er forfattar, poet, oversetjar og salmediktar. Hennar namn er også vel kjent i Norge, ikkje minst har mange norske barn gleda seg over hennar tekstar og bøker. Ho har også samarbeidd med organist Egil Hovland. Han komponerte melodiar til nokre av salmane hennar. Kven kjenner ikkje og syng salmen **Måne og sol, skyer og vind, og blomster og barn skapte vår Gud.**

På nr. 495 i Norsk salmebok finn me Alle har hast, ingen har tid. Denne salmen kom frå hennar hand alt i 1958, og er omsett til norsk av Olaf Hillestad. I skrivande stund tenkjer eg og spør: Meir enn 60 år tilbake i tid, var samfunnet så travelt og oppkava då også? Dette var jo før

mobiltelefonen vart vår fylgjesvein gjennom alle dagens timar. Denne salmen legg oss på hjarta kor viktig det er å gi borna god bagasje med på livsreisa, ha tid for dei. Så gjeld dette ikkje bare borna. Tid for fellesskap med andre er viktig for alle. Det har pandemien lært oss noko om. Dette er ein salme me alle kan syngja med i.

I Stevnemøte med Salmeboka skriv Vidar Kristensen fylgjande om **Alle har hast, ingen har tid:** «Det er barnet som snakker i salmen. Det er barnets opplevelse av å være omgitt av stressede voksne som ikke har tid til å høre hva barnet er redd for. Hallqvist har sagt: «Hvor ofte hender det ikke at de kommer og vil at vi skal lese for dem eller leke med dem, men vi voksne svarer at vi ikke har tid.»



Barn kan ha et sterkere forhold til Gud enn mange voksne. Et barn kan vite at Gud har tid og kan gi trygghet når det er redd for noe. Et barn kan snakke direkte med Gud og ha sine egne troserfaringer. Det forstod Britt G. Hallqvist, og derfor skrev hun salmer som dette.»

1. Alle har hast, ingen har tid, alle har sitt å gjøre. Hvem bryr seg om at jeg er redd? Ingen har tid til å høre.
2. Gud har jo tid, evighet ja, tid til å lytte stille. Han gjør meg glad når jeg er redd, når jeg har stelt meg ille.
3. **Hører du, Gud? Om jeg var slem, er jeg jo en av dine! Alt blir så trygt når bare du, holder i hendene mine.**

Miljø, møteplass og misjon



NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet og Meierigata

Opningstider:
mandag-fredag 11.00 – 17.00 laurdag 11.00 – 15.00

Vi tar imot og sel:

Møblar, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker
pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.

Vi tar også imot stumpar av stearinlys

Telefon 400 37 151



FRETEX butikk Bryne

Parken senter Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken og Meierigata

Opningstider: mandag stengt.
tyrsdag-fredag 11.00 – 17.00 laurdag 11.00 – 15.00

Vi tar imot og sel:

Klede, kjøkkenutstyr, måleri, bøker,
pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.

Telefon 922 09 638

Frå Bøneboka i Norsk Salmebok – Bøn nr. 186. nr. 180 - del av bønna

DEN LIDANDE VERD

- Hør verdens rop, Gud, alle rop fra ofrene for krigens vanvidd.

- Hør verdens gråt, Gud, gråten fra håpløshetens kalde rom, gråten i sorgens mørke, gråten fra barn som blir utnyttet og utsatt for overgrep, all gråt i fortvilelse, i ensomhet og angst.

- Hør verdens klage, Gud, skogens og havets klage, luftens og jordens jammer, sulten og

tørstens bønn fra uttørkede åkrer, all klage i hjelpeløshet, mistro og antipati. Hør verdens klage, forbarm deg Gud.

Kristus, du som på korset ropte ut hvor forlatt vi mennesker er, du som led, døde og sto opp for vår skyld, vær nå med oss i våre rop, i vår gråt og vår klage, og gi oss mot og kraft i kampen for et fullverdigg liv.

Fra Tsjekkia O Knut Grønvik

Komande arrangement i regi av trusopplæringa

Babysong

Alle tre kyrkjelydane våre har tilbod om babysong. Velkommen til ei hyggjeleg stund for deg og barnet ditt. Her er det song, rørsle og sosialt samvær.

Time

På Lye forsamlingshus har me tilbodet som ein del av Lykkeliten open barnehage.

Datoar for resten av hausten: 6. oktober, 2. november, 17. november

Barnehagen er open kl. 10-12. Songsamlinga er ca. kl. 10.30-11.00.

Undheim

I Undheim kyrkje er det babysong oppe i kyrkjesalen kl. 10.30-11.00 om lag annankvar onsdag. Datoar for resten av hausten: 29. september, 27. oktober, 10. november, 24. november, 8. desember


Bryne

I Brynekyrkja har me babysong-kurs som går over 8 gonger. Me møtest torsdagar kl. 10.15 i kyrkjesalen. Påmelding på brynekyrkja.no under fana «Barn og unge». Dersom kurset er fullt, så vert det nytt tilbod seinare. Datoar for resten av hausten: 30. september, 7. oktober, 21. oktober, 28. oktober

Hausttakkefest med utdeling av CD til to-åringane

to-åringane på Undheim vert inviterte til hausttakkefesten på gudstenesta i Undheim kyrkje søndag 3. oktober kl 10.30. Dei vil få utdelt ein fin CD med kjekke og gode songar.

Plan-B - aktivetsdag for 7-åringar
12. november er det skulemøte



i Rogaland og skulane har planleggingsdag. Mange treng kanskje ein Plan-B denne dagen? Då inviterer me alle 7-åringane frå alle tre sokn til Undheim kyrkje kl. 08.00-15.00. Tema for dagen er «Gud skapar – Me lagar». Me skal ha aktivitet inne og ute. Det vert avgrensa tal på plassar. Invitasjonar vert sende ut. **Velkommen til ein kjekk dag på Undheim!**

Lys vaken

Alle som går på 5. trinn vert inviterte til Lys vaken med overnatting i kyrkja. Etter overnattinga avsluttar me med å delta på gudstenesta på søndagen.. Lys vaken handlar om å vere lys vaken for oss sjølve, for dei andre rundt oss, for Gud, og ikkje minst at Gud er lys vaken for oss. Me håpar mange vil vere med denne helga!



Brynekyrkja: 13.-14. november. Invitasjonar vert sende ut.

Time og Undheim: 20.-21. november i Time kyrkje. Invitasjonar vert sende ut.



Utdeling av barnebibel og fireårsklubb/adventsklubb

Bryne

Adventsklubb: Fireåringane får invitasjon i posten til adventsklubb i Brynekyrkja. Invitasjonar vert sende ut med informasjon om kva datoar dette vert.

Time og Undheim

I Time og Undheim har me fireårsklubb. Me vil ha tre samlingar på ettermiddagar og

Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage Ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdiar.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.

avsluttar med gudsteneste og utdeling av barnebibel. Invitasjonar vert sende ut.

Datoar Undheim:

Fireårsklubb: 11. november 18. november, 25. november
Gudsteneste med utdeling av barnebibel: 28. november i Undheim kyrkje kl. 10.30.

Datoar Time:

Fireårsklubb: 16. november, 23. november, 30. november
Gudsteneste med utdeling av barnebibel: 5. desember i Time kyrkje kl.11.00.

Bli trusopplæringsabonnet

Har du born som ikkje er døypte/ ikkje er medlem i kyrkja, men likevel ynskjer dei skal få invitasjon til trusopplæringa sine arrangement? Gå inn på www.kirken.no/minside og registrer deg der, så får borna automatisk invitasjon til det som gjeld deira aldersgruppe.

Følg «Brynekyrkja» og «Trusopplæringa i Time og Undheim» på Facebook for info om det som skjer i trusopplæringa i kyrkjene våre.



Nr. 8

OKTOBER 1971

3. årg.

AV EN ELLER ANNEN GRUNN har enkelte den oppfatning at prestene helst ønsker at dåp skal foregå på *lørdag*. Dette er feilaktig! Både prester og menighetsråd meiner dåpshandlinga høyrer heime under gudstjenesta — der menigheten er tilstede —, så sant dette er gjennomførlig.

Lørdagsdåp skal vere løysning for de heimer som har vansker med å komme til kirke på søn- og høgtidsdag. Men *hovedregelen* bør vere at den hellige handling finner sted som *et ledd av høgmesse*.

Spesielle ting i heimen eller menigheten gjør at det bør vere høve til dåp også *en ukedag*. En kan nevne: Det er ikke her hos oss gudstjeneste i kirkene med høve til dåp hver søndag. På sommertid med ferier kan det mer enn ellers bli spørsmål om dåp utenom gudstjenestene. Hensynet til tilreisende fadrer, arbeidstida, sykdom o.lign. gjør at det er behov for hverdagsdåp av og til. Folk har da en grei løysning å ty til når *hoved-regelen* ikke kan følges. I Time prestegjeld har vi derfor *lørdagsdåp* en gang hver måned. Altså: *Hovedregelen* bør vere dåp under gudstjeneste på søn- og helligdag. *Lørdagsdåp* er en *unntaksordning*.

M. G.

Vårt ansvar i trafikken

«Den kristne har et etisk ansvar, også i trafikken.» Dette sier generalsekretæren Birger Breivik i Norsk luthersk misjonssamband i samtale med Motorføreren. Han fortsetter: «Hvis vi skal realisere kjærlighetsbudet, betyr det at vi skal ta større hensyn til vår neste enn oss selv. Trafikken er jo en stadig viktigere

del av vårt forhold til andre mennesker.»

I Midt-Jæren avdeling av Motorførernes Avholdsforbund er vi godt og vel 600 medlemmer med forskjellig livssyn.

Motorførernes Avholdsforbund driver et utstrakt arbeide for trafikksikkerheten, både i skolene, ved møter og andre tilstellingner.

Som enkeltmenneske og bilfører er det lite vi kan gjøre. Men hvis vi løfter i lag gjennom en organisasjon kan vi utrette meget.

Generalsekretær Håkon E. Andersen, den daglige leder av Indremisjonen sier: «For meg personlig er medlemskap i MA helt naturlig og selvsagt. Selv om avhold eller måtehold i og for seg ikke er noe grunnleggende og avgjørende spørsmål i kristensynet, så er det likevel en medmenneskelig sak og et etisk problem ikke minst i forbindelse med bilkjøring. Derfor vil jeg si at en samling av kreftene bør skje i MA som den naturlige bilorganisasjonen for oss.»

Alle kristne bilførere bør gå aktivt inn for å øke sikkerheten på våre veier. Vi har god tilslutning av kristne bilførere i MA, og det er vi svært taknemlige for. Men vi kunne sikkert vært mange, mange flere.

La oss samle våre krefter, bli flere, slik at vi lettere kan bli hørt. Bli medlem av Motorførernes Avholdsforbund og vær med i arbeidet for tryggere trafikk.

Er du interessert i medlemskap så ta kontakt med en av våre medlemstegnere:

Bjarne Grude, Bryne, tlf. 81 339—81 066

Runar Thu, Bryne
Erling Lende, Undheim, tlf. 84 393
Olaus Steinsland, Kverneland.

100 år sidan Heimly barneheim vart starta

Er det ikkje synd på dei som må bu på barneheim? Slik tenkjer me gjerne. Men etter å ha snakka med Bolette Hognestad Ree, kjem me på andre tankar.

TEKST: LIV HELENE HÅLAND

Bolette har vore rundt i ymse lag og foreiningar og fortalt om Heimly og anna frå barndomen på Hognestad, og det er sikkert mange som har høyrte henne der.

Bolette har vakse opp på Hognestad, og ho har gått på skule og vore i nabolaget med born frå Heimly. Dei vart integrerte i lokalsamfunnet, og rekna som vanlege born. - Dei var like oss. Mange av dei fekk vera med på gardsarbeid rundt på gardane, fekk litt pengar - og gjerne kveldsmat i tillegg. Dei store jentene på Heimly fekk gjerne passa born, mellom anna Bolette og dei to søskena hennar. Bolette fortel at "me ungane" ofte var på barneheimen og leika, ute og inne. Då kunne det henda at dei fekk tjukke skiver av såkalla fint brød - med smør og ost på. Ei anna hending ho hugsar var eit fælt torevêr. Då kraup dei ned på golvet og sette seg under det store stovebordet. Der var dei trygge, trudde dei!



Bolette Hognestad Ree i hagen sin på Reevegen Foto: Liv Helene Håland

Alice Tvedt var den bestyrarinna som Bolette hugsar. Ho kom frå austsida av Tysnesøy, nær Årbakka, der familien Årbakke på Bryne kjem frå. Alice kom til Jæren, for her budde søstera Britanna som var gift med Ingebret Årbakke, han som laga hesteskor. Her i Time fekk Alice arbeid på Heimly barneheim, der ho var i 18 år.

Stavanger Aftenblad hadde 5. september 1968 eit intervju med Alice Tvedt - då barneheimen vart nedlagd. Bolette har klipt ut og teke vare på intervjuet, og det er også å finna i arkivet til Stavanger Aftenblad. På dette tidspunktet var det berre 5 born som budde på Heimly, og det vart vanskeleg å driva lenger.

Alice blir spurd om kva ho tykkjer om nedleggjinga, og ho synest det er trist, samstundes som ho er glad for at det er så få born som treng utplassering. Alice var den som hadde lengst tenestetid som



Borna på Heimly barneheim i 1928
Foto frå "Time herad fram til 1987"



Born på Heimly med styret i bakgrunnen - Alice Tvedt til høgre Foto: Jonas Jørstad/Time bibliotek



Alice Tvedt - styrarinne i 18 år.
Foto: Stavanger Aftenblad 1968

styrarinne - 18 år i alt. Borna var glade i henne, såg på henne som "mor". Alice fortel i avisa at også etter at dei vart vaksne, har ho kontakt med mange av dei. Dei kjem og vil sjå korleis det går med "mor"! Også i 2003 hadde Stavanger Aftenblad ein liten notis om barneheimen på Hognestad, også den i Bolette sitt arkiv. Då var huset


for sal, etter å ha vore i privat eige. Innlegget har også eit intervju med Kjell Vikedal - som har budd på Heimly. Kjell kom dit som toåring under krigen. Han seier at det var trygt og godt å vera der. Dei var då 10 born der, og Alice var den einaste som arbeidde der. Ho var bestyrar og "mor" for alle. Det var ho som laga all maten, og for å få litt ekstra inntekt baka ho lefser. Dei sykla ho til Bryne med og selde der. Då hadde dei også ei ku, høner og ein gris på barneheimen. Kjell fortel at han var 16 år då han flytta ut frå Heimly. Då han vart intervjuet, budde han på Bryne - og hugsar barndommen på Hognestad som ei god og fin tid.

Alice fortel i intervjuet i 1968 at då ho starta arbeidet sitt på Heimly var arbeids-tilhøva mykje tyngre. Ingen tekniske hjelpemiddel, og sjølv om der kunne vera 14 - 15 born, så var dei berre to vaksne om arbeidet. Borna kom i ulike aldrar, mange berre eitt år gamle.

Etter reglane kunne gutane få bu der til dei var 11 år, og jentene til dei var konfirmerte. - Men, seier Alice, det var vondt å senda gutane frå seg i 11-årsalderen, så mange gonger måtte me oversjå regelen og gjera det me sjølve syntest var det rette.

Økonomien var bra i byrjinga. Kommunen betalte 25 kr for kvart barn kvar månad, og dei hadde også ein bank-reserve. Løna til Alice var 60 kr månaden, men det blir fortalt at ho ofte brukte av eigne pengar til innkjøp på barneheimen. Ho vil ikkje ha så mykje snakk om seg sjølv, men andre veit å fortelja, skriv bladet, at offerviljen og iveren for arbeidet var stor hjå Alice.

Under krigen var det ikkje så lett å metta alle munnar, og då lånte ho hesten til Gunnar Hognestad, far til Bolette, og køyrde rundt i bygda og tigga korn. Det fekk ho mala på på den vesle mølla på Fotland.



Heimly barneheim på Hognestad.
Foto: Stavanger Aftenblad 1968

Dei 18 åra var nok på mange måtar eit slit, men, seier avisa, - ved si omsut og sitt strev vann ho ein stor plass i borna sitt minne, og dei vart hennar vener for livet.

FAKTA

- Opna på Hognestad i 1921 etter initiativ av sokneprest Helle som var formann i Time frivillige kristelege fattigpleie
- Mange gav både pengar og arbeidsdagar under bygginga - og seinare
- Born frå Time sokn som først budde der - seinare også andre
- Nedlagd i 1968

		<p>OK Bad as Tverrfjellveien 5 4347 Lye</p>
--	--	--

3. GENERASJON BEDEMANN
Arild Aase

Aase
Begravelsesbyrå

Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102
24 TIMERS VAKTTELEFON

KROGEDAL
begravelsesbyrå

51 97 29 00
DØGNVAKT

NOVA
BEGRAVELSESBYRÅ

51 61 04 00 - døgnvakt
www.novabegravelse.no

Hanne Brit Sandsmark
og Møyfrid Hersdal

DEN NORSKE KYRKJA

Gjevarteneste

Bryne
Barne- og ungdomsarbeid
Kto.nr. 3325.25.07057

Time
Kyrkjelydsarbeid
Kto.nr. 3325.20.04462
Trusopplæring
Kto.nr. 3325.39.13407
Barne- og ungdomsarbeid Lye
Kto.nr. 3290.58.78041

Undheim
Kyrkjelydsarbeid/ungdomsarbeidar
Kto.nr. 3325.21.55657

Froyland/Orstad
Kyrkjelydsarbeid
Kto.nr. 3290.60.44179
Kyrkjebygg
Kto.nr. 3325.25.09270

Stikk innom vår heimeside
www.timekyrkja.no

HØSTTAKKEFEST

Tirsdag 28 september kl. 18:00 i St Petri kirke.
Biskop Anne Lise Ådnøy og Inkluderingsrådgiver Leif Johannes Netland blir med. Velkommen til en fargerik og levende gudstjeneste med mye sang og musikk, livsglede og felleskap. Tilrettelagt alle aldre og funksjonsnivå. Servering av en enkel kveldsmat (gratis) etter gudstjeneste. Her møtes vi fra forskjellige steder og menigheter i sørfylket, og vi skal samles i trygge rammer.

Det er påmelding på dette arrangement. Meld deg på!

- 51 77 03 77 - Kirkekontoret
- 488 96 919 -Diakonarbeider

Ynskjer du nokon å snakke med?

Du er velkommen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

Sokneprest: Stein Ødegård (Bryne)	tlf. 911 57 105
Sokneprestvikar: Roald Byberg (Undheim)	tlf. 400 38 028
Sokneprest: Yngvar Nilsen (Time)	tlf. 466 52 874
Diakon i Time og Undheim: Praxedes Slettebø	tlf. 48 89 69 19
Diakon i Bryne: Marit Høie Hetland	tlf. 911 63 039

Heidi Bø Honningsvåg Jaertannlegene.no 5148 4800		Varme & solvarer entusiast VARMEPUMPER OG SPA www.reimeos.no - Tlf. 51 73 14 22
---	--	---

Jæren sparebank

VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS

ek Glassmesterforretning Einar Knutsen as
Postboks 148, 4349 Bryne
TLF. 51 48 02 11
DØGNSERVICE 971 78 180

HOLMANE Bil

Tengsareidv 4, 4373 Egersund
Tlf. 51 46 19 80
http://holmanebil.no

TIMEELEKTRO AS

når resultatet er viktig
Vesthagen 4, 4344 Bryne
Tlf. 51 77 15 90

Byggelaget

EL-TEAM
Elektroentreprenør

Morenefaret 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40
E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net

Motor Forum
Stavanger - Sandnes

Jæren GulvAS
Maler- og gulvarbeid
www.jaerengulv.com

JÆREN KABELNETT
Lokal og best på pris

PRIVATMEGLEREN
JÆREN

Torggata 2, 4340 Bryne
Tlf. 51 48 86 00 • jaeren@privatmegleren.no

Renovasjons-service as
Magnus Grødem • tlf. 51 48 20 44

Boğh Hafsoo as TOYOTA

Fossveien 3, 4373 Egersund
Tlf. 51461700 www.toyotaegersund.no

Bonde Kompaniet

Butikk i Jupitervegen 4,
4340 Bryne. Tlf. 480 10 878

aktiv.
Eiendomsmegling
51 77 80 00 / rogaland@aktiv.no

haver

Haver Advokatfirma AS
Hetlandsgt. 9, 4340 Bryne
telefon 51 77 00 50

Bryne Rør

Rogalandshus

Raud flugesopp

TEKST OG FOTO: ROLF HESKESTAD

Dei aller fleste kjenner den raude flugesoppen. Den knallraude hatten med dei kvite prikkane er eit vakkert syn i haustskogen. Han er giftig, men ikkje så farleg som slektingane sine: dei kvite og grøne flugesoppene. Et ein desse, så går det hardt utover levra, og i verste høve kan livet vera truga.



Mange har sikkert høyrte at vikingane åt raud flugesopp for å galdra seg opp til kamp og plyndring. Mykje tyder på at dette er ei seigliva myte. No har forskarar kome fram til at det er meir sannsynleg at dei rusa seg på planten bulmeurt. I enkelte delar av Aust-Europa et ein raud flugesopp. Då kokar ein soppen i vatn i fleire omgangar før steiking. Giftene i soppen er løyselege i vatn og forsvinn difor ut i kokevatnet. Det beste er nok likevel å la den raude flugesoppen få stå i fred. Prøv heller ein eller fleire av

dei gode matsoppene som ein kan finna ute på denne tida. Sopp er herleg mat, men husk at du må vera heilt sikker på kva slags sopp du legg i steikepanna.

Hjernetrim

HelgeKryssord 4/21



(av Gabriel Tengsareid)

Vassrett

1. Kasserollane
7. Gambunt
11. Von (Jer. 29.11)
12. Von
18. Skorsteinen
19. Aksjeselskap
20. Ha
21. Neste
22. Hodyret
24. Kreativ
25. Øya
26. Humre
27. Handtak
31. Lokalsamfunna
33. Siffer
36. Fleksibel
37. Bord i koret (ft.)

Loddrrett

1. Politisk parti
2. Oldtidsby ca. 260 m under havoverflata
3. Pronomen
4. Gjensidig lovnad
5. Tal
6. Alderdom
8. Pronomen
9. Profetar
10. Enzym i magesafta
13. Forsvarstale.
15. H2O
16. Språk
17. Kvikksølv (kj. teikn)
23. Kjensle
24. Hasta.
27. Plagg
28. Kort ord for gymnastikk
29. Pronomen
30. Forelder
31. Barneskei
32. Dags Dato
34. Opptre
35. Esker



Løysing HelgeKryssord - 3/21



BARNAS SIDE

Finne namn på 10 fiskeslag!

I rutenettet har vi gøymt namna på 10 vanlege norske fiskeslag. Namna står frå venstre mot høgre eller nedover. Finn du alle?



Finne fem feil

De to bileta er nesten like. Finner du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Chiara Bertelli)



Fargelegg!

Broren til Marta og Maria var død. Men Jesus vekka Lasarus opp frå dei døde. (Teikning: Chiara Bertelli)



Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 03 71 00.

Bli med på lokalhistorisk vandring på Bryne! Anne Berit Hatlem og Tom Hetland vil i Helgedagen framover la oss bli betre kjende med dei 31 personane som har fått ei gate eller veg oppkalla etter seg. God tur!

TEKST OG FOTO: ANNE BERIT HATLEM OG TOM HETLAND

Rektor Sælands veg

Sem Sæland (1874-1940) er ein av dei Time-buane som har gjort seg sterkast gjeldande på den nasjonale arenaen, sjølv om det kanskje ikkje er så mange som kjenner til han i dag. Han vaks opp på slektsgarden på Sæland, men som 18-åring drog han til Kristiania for å studera realfag. I 1899-1900 var han med den kjende vitenskapsmannen og Norsk Hydro-grunnleggjaren Kristian Birkeland til Finnmark for å driva nordlysobservasjonar, og dei heldt fram forskningssamarbeidet på Novaja Zemlja og Island. I 1909 vart Sæland utnemnd til professor i fysikk ved den nye Norges tekniske høyskole (NTH, nå NTNU) i Trondheim, og året etter vart han vald til rektor. I 1922 fekk han eit professorat i hovudstaden, og også ved Universitetet i Oslo vart han rektor, frå 1928 til 1936.


Sem Sæland var politisk engasjert og sat på Stortinget som uavhengig representant for Trondheim 1916-1918. Han var også oppteken av bondekultur og folkemusikk, og sytte for at jærsk byggeskikk vart representert på Norsk Folkemuseum på Bygdøy då at jærhuset «Lendestovo» vart flytta dit i 1939.

Vil du vita meir, kan du lesa Kyrre Nese sin artikkel om Sem Sæland i Årbok for Time historielag, 2017.



Sem Sæland som rektor NTH 1910-1914.
(Foto: Hilfing Rasmussen, NTNU UB).

Rektor Sælands veg




DØYPTE

BRYNE KYRKJE

- 16.05.2021: Eiliv Junior Braut, Noah Kampevoll Egeland, Tobias Haugslund, Eldbjørg Nærland Kløvjan
23.05.2021: Sebastian Haugland, Kara Grødeland Øvstebø, Billie Bjørn Grødem Salte, Levi Worum
30.05.2021: Viljar Solberg Høidahl, June Rage, Frøya Strand, Ingrid Austdal Tjøtta
13.06.2021: Felix Akerø Togstad, Sander Høgli Waldeland
20.06.2021: Valentin Zhang Espedal, Daniel Stokkeland, Tobias Thormodsæter
04.07.2021: Malin Hognestad Jonassen
18.07.2021: Aria Bjelland Bajarciute, Luna Bjelland Bajarciute, Sofie Hetland-Mahmutovic
01.08.2021: Martin Heggø, Ragnhild Tjåland Vårdal
22.08.2021: Live Byberg, Petter Lorentz Stabel

TIME KYRKJE

- 22.05.2021: Johan Scheie, Liv Skadsem, Jens Aareskjold Stene
23.05.2021: Tiril Aanestad, Solveig Lye, Vibe Østerhus
06.06.2021: Henry Garborg, Sanna Sach, Lars-Andreas Serigstad, Erik Ueland
20.06.2021: Pia Braut, Fredrik Hallgren, Ådne Kristensen, Marta Stangborli, Ingeborg Time
11.07.2021: Fiona Auglend, Sebulon Eliah Karlsen, Anja Mauland, Falk Serigstad, Anna Torkildsen-Skår, Gurine Torkildsen-Skår
29.07.2021: Jonathan Mikalsen Aarsland
08.08.2021: Olai Ånestad, Synne Bjånes, Hans Axel Bergort Friestad, Erling Grødem, Vetle Hansen Ims, Ellie Finne Kverneland, Frida Finne Kverneland, Fabian Nærland Norheim, Sofie Søviknes Varhaug



Vigde

TIME KYRKJE

- 12.06.2021: Bente Undheim og Sindre Hadland, Marita Taksdal og Kai Asle Heien
26.06.2021: Elise Vinsevik og Joakim Unhjem
09.07.2021: Bogdana Tolokonnikova og Mats Bakken
07.08.2021: Wenche Helleland Ødegård og Kjetil Sandvik
14.08.2021: Marie Tunheim og Odd Ingebret Paulsen
21.08.2021: Rebekka Isalin Alfsen og Ole Ådneram

BRYNE KYRKJE

- 26.06.2021: Gerd Åshild Ueland og Harald Thingbø

UNDHEIM KYRKJE

- 31.07.2021: Anna Undheim og Frode Lea

DØYPTE

UNDHEIM KYRKJE

- 24.05.2021: Lars Vestly
27.06.2021: Lukas Emil Acebuche Engelsvoll, Frits Haugstad Undheim
25.07.2021: Kasper Ulvik Alsåker, Carsten Undheim Hellstrøm, Kai Berge Igelkjøn
22.08.2021: Magnus Nærland, Alf Pedersen, Viktor Bø Svindland, Mathias Severin Rimestad Tjåland, Oskar Cornelis Undheim Verbaan

BORN FRÅ TIME DØYPT ANDRE STADER

- 06.06.2021: Sara Byberg (Frøyland og Orstad kirke)
13.06.2021: Kian Storslett (Riska kirke)
20.06.2021: Frida Mong Husveg (Varhaug kyrkje)



Døde

Tor Helge Undheim
Leiv Gauksås
Rolf Skjæveland
Ragnvald Soma
Olav Alvsåker
Kåre Paul Olsen
Roald Hagbart Gustavsen
Morten Lønn Østmoe
Bodil Judith Pedersen
Berit Kalberg Søyland
Halvar Gunnar Hadland
Berit Marie Thorsen
Ole Johan Haugland
Halldis Finden Halseth
Jostein Frøyland
Håkon Bjorland
Anna Haaland
Tone Reiten
Leif Inge Egge
Sigmund Nybø
Kirsti Aslaug Håland
Olga Tordis Døhl
Bjørn Hauge
Liv Haugland

Støttegrupper

Kyrkja sitt tilbod til etterlatte

Det finst tilbod om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein av sine næraste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med Diakon i Bryne: marit.hetland@timekyrkja.no Diakon i Time og Undheim: praxedes.slettebo@timekyrkja.no eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 77

DET SKJER I TIME OG LYE

Minnegudsteneste i Time kyrkje
sundag 7. november 2021 kl. 19.00

**VELKOMEN-Du som
har mista ein av dine i år 2020**



Namnet på den som har døydde frå dykk vil bli lese opp.
Det blir òg musikalske innslag og lystenning.
Dei som deltar på gudstenesta er:

- Prest: Stein Ødegård
- Diakonarbeidar: Praxedes U. Slettebø
- Lysinstallasjon: Gunn Karin Røsand
- Songgruppe: Shalom
- Munnspele: Anne Kristine Røthing

Gudstenesta er felles for Bryne, Time og Undheim sokn.

Velkomen til
Allehelgensprogram 6. november med Open kyrkje

Kyrkja er open kl. 11.00-14.00
Program i kyrkjesalen kl. 12.00-13.00




Tenn eit lys:

Dagen før Allehelgens-sundag er mange på gravplassen for å minnast sine kjære. Derfor er kyrkja open denne dagen. Ein kan få sitje ned i ro med eigne tankar og minne. Dei som ynskjer nokon å snakka med får høve til det. På kyrkjetorget, tilbygget til kyrkja, vil vi ha "varmestove". Her kan de få ein kopp kaffi og litt å bite i. Der kan de også tenne lys til minne om dei de saknar og finne litteratur som kan vera til hjelp.



kl. 12.00 -13.00
vert det program inne i kyrkja med
diktlesing ved *Heidi Strand Harboe* og
orgeltonar ved *Frode Skårland*.

Tema for samlinga er
"Ord og tonar til håp og trøyst".



Time diakoniutval

Strikkekafe på Lye Forsamlingshus

Datoane er:

- 23. september
- 21. oktober
- 25. november
- 20. januar (2022)
- 17. februar (2022)
- 17. mars (2022)



Fredagskveld på Kyrkjetorget Time kyrkje

I haust prøver me på nytt å starta opp med
Fredagskveld på Kyrkjetorget.

Fredagskveldane på Kyrkjetorget blir
samlingar med tid til drøys, uformelt
program, samtale med kveldens gjest,
allsang, m.m.
Dei som ønskjer å koma, kan ta med litt mat
kvar som me set på fellesbordet.
Komiteen ordner kaffi/te.

Fredag 29. oktober kl. 20-22
**Olav Eritslund er vår musikalske
gjest.**

Arr: Fredagskveldkomité: Vigdis Lervik
Hareland, Tore Norheim og Oddny
Underhaug

Salmekveld

Time kyrkje
søndag 24.oktober kl.19.00

Velkommen til ein kveld der me syng saman frå
salmeboka!



Medverkande:

- Ragnhild Hanssen med gruppe
- Dekor
- Songgruppa Shalom
- Blandakoret Jærklang
- TOKT ved Terje Vold
- Tobias Vassbø, kornett

Kollekt til trusopplæringa på Undheim og i Time.

Me følgjer smitteverregiane til FHI. Alle deltakarar må registrerast.



**Vil du ha Misjonstidende (MT)
gratis i postkassen?**

Send SMS med **NMS MT** til 2490
eller ring oss på 51 51 61 00.

DET SKJER I UNDHEIM

Frivillige til Laust og fast på Undheim

Laust og fast har vore eit arrangement som har hatt base på Undheim i mange år. Komiteen ser nå at tida er inne for å takka for seg. Dei fortener ein stor takk for jobben dei har gjort i lang tid! Laust og fast er eit tiltak som absolutt har livets rett, og det hadde vore flott om nokon kunne ta på seg ansvaret for å halda dette arbeidet i gang vidare.

Laust og fast har hatt samling ein tysdag i månaden kl. 14.00 til 16.00, og programmet er retta mot dei som er over 60. Ta kontakt med Frode Skårland på telefon 48997102 om dette er noko du kan tenjka deg å bidra til.



JULEMESSE

for NLM på Fotland bedehus

26.-27. november

Fredag kl 19.00:

Møte. Varesal og kafé.

Kveldstrekning

Lørdag kl 11.00: Møte.

Varesal og kafé. Åresal

Lørdag kl 13:30

Familiemøte Åresal,

barnebasar og

hovudtrekning

Talar på alle møta er Sverre

Hovda.



Julemesse i Undheim Kyrkje

På grunn av korona vert det ikkje arrangert julemesse i Undheim kyrkje. Men også i år lagar me gravpynt og sel i gjenbruksbutikken på Bryne og ved inngangen til Undheim Handelslag. Elles er me takksame for gaver til NMS.

Kto.nr. Julemessa: 3325.32.67106.

Kto.nr.direkte NMS: 8220.02.85057

Vipps nr. 131740.

Me er glade for å kunna meddela at det vert ny Grøn Dag i Kyrkjeparken 7.mai 2022.



DET SKJER I BRYNE



Velkomen til Sundagstreff i Bryne kyrkje hausten 2021

Program: Kl.18.00: Ringleik & allsong + kaffi & drøs i peisestova
Kl.19.00: Gudsteneste i kyrkjesalen

Datoar for hausten, merk dei av på kalenderen din:

Sundag 12. sept	Vanleg Sundagstreff	kl.18.00
Tysdag 28 september	Hausttakkefest i St.Petri kirke Vi arrangerer felles avreise.	kl.18.00
<i>Det er påmelding på dette. Meir informasjon kjem.</i>		
Sundag 21. november	Vanleg Sundagstreff	kl.18.00
Tysdag 30. november	Gudstenesteverkstad	kl.17:00
<i>Det er påmelding på dette. Meir informasjon kjem.</i>		
Sundag 5. desember	Bankers Gudsteneste med	kl.11.00

Ser deg i kyrkja! 📧
Helsing frå Torunn ,Siri, Kari Zahara, Trond og Praxedes



Julemesse i Bryne Kyrkje

27. NOV 2021, kl 11.00
Salgsmesse, Andakt, Innslag frå kulturskolen, Aktivitetar for barn i kjellaren, Salg av handarbeid, dekorasjonar, småkaker mm, Kafe og åretekning

Kl 18.00 Julemessefest
Tale av biskop Anne Lise Ådnøy, Sang av Frimenn, Innslag frå kulturskolen, Åretekning og hovudtrekning, Kaffe, smørbrød og kaker

Inntektene går til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkja, og kyrkjelyden sine misjonsprosjekt for NMS og Stefanusalliansen.

Alle er hjarteleg velkomne! Bryne sokneråd



HAUSTFEST

FOR ALLE pluss/minus 60
Bryne kyrkje
Sundag 31. oktober kl.15:00

Program

- Kåseri ved Geir Sverre
Braut: «Alt var mykje betre før»
Om sjukdom og sosiale forhold før og no.
- Song av «Kulturskolen»
- Andakt ved Lars Sigurd Tjelle
- Song av Anna Bergitte Skårland og Frode Skårland



Allsong, god mat, kaffi og drøs! **Treng du skyss? Ring kyrkjekontoret- tlf: 51770377**

Velkommen til Torsdags- treff i Bryne kyrkje!

I haust vil me samlast følgande datoar:

- Torsdag 16. september
- Torsdag 21. oktober
- Torsdag 18. november

Samlingane varar frå 1430-1630. Målgruppe: pluss/minus 60.
Kva me vil: At alle pluss/minus 60 skal kjenne seg velkomne og trivast.
Korleis me gjer det: Kulturelt innslag, Ei lita songstund, Mat og god drøs (og ei og anna utlodding), Andakt

Time sjømannskirkeforening har basar i Bryne kyrkje 22. okt. 19.00.

Ester Arna Haarr og Frimenn blir med.
Loddsal i bøkene. Allsong.
Ta gjerne med lapp med namn og tlf.
Smittevern blir ivaretatt.
Velkommen.



JULEKONSERT I BRYNE KYRKJE KYRKJE

5. DESEMBER KL 19

Garborgsenteret og Bryne kyrkje arrangerer: «FRÅ HØGE HIMMEL» -tradisjonelle julesalmar frå Rogaland

5.-12. desember turnerer musikarane Åshild Vetthus (folkesong), Morten Barrikmo (klarinetar) og Andreas Ulvo (piano, synth) med repertoar frå juleplata "Frå høge himmel" som kom ut i fjor. Dei inviterer til konsert kor ein får høyra tradisjonelle julesalmar frå Rogaland med lokale melodiar.

Bill: 200,- Billettsalg i døra og på nett. For meir info: jaermuseet.no/garborgsenteret og brynekyrkja.no



Velkommen til julekonsert med Atle Pettersen saman med Allegro og Lye Tweens

Onsdag 8. desember kl 1800 i Bryne kyrkje.
Følg med på nettside for meir info om billett kjøp.

Har du lyst til å vere med og syngja på konserten? Du er sjølvsagt velkommen til å begynna i Allegro (kor for 3.-7. klasse i Brynekyrkja) eller i Lye Tweens (kor for 5. klasse og oppover på Lye Forsamlingshus). Kjekt om du blir med!





Bibelkveldar 2021

«Berekraftig erfaring»

Bryne kyrkje kl. 19:00 — 21:15



Tid	Tema	Foredragshaldar
5. okt.	Salmane i GT Trua sitt pulsslag. Salmane speglar heile truslivet...	Jens Olav Mæland tidl. lærer ved FiH og prest i DnK, medforf. av <i>Salmenes bok I og II</i>
	«Du har gripe mi høgre hand...» Når livet snur... Salme 73.	Lars Sigurd Tjelle prost i Jæren prosti, erfaring som misjonær og prest
19. okt	«Kongesalmane» Deira funksjon i det gamle Israel – og for oss i dag...	Knut Holter prof. ved VID/MHS; underviser i GT.
	«Klage med Håp» Klagesalmane— djup prøving, og sterkt håp	Magnar Kartveit prof. em. ved VID/MHS. Har undervist i GT, også i Salmane
2. nov	Salmane i gudstenesta Den gongen, og i dag	Karen Margrete Mestad tidl. prest i DnK, høgsk.lektor ved VID/MHS, praktisk teologi
	Evensong Først ei innleiing — Deretter blir vi med på Evensong	Per Olav Egeland organist i Bryne kyrkje

Velkomen til kyrkje

Det kan bli endring grunna smittevern.

Følg med på www.timekyrkja.no eller i Jærbladet for oppdatert informasjon.

GUDSTENESTER



Velkomen til
gudsteneste



Skyss til gudstenesta

BRYNE KYRKJE:

Sverre M. Lima 951 25 002

Jonas Frøyland 41 30 04 68

Ring før kl 10.00

Laurdag 11. september

Bryne kyrkje 11.30 Konfirmasjonsgudsteneste

Bryne kyrkje 13.00 Konfirmasjonsgudsteneste

Luk. 10, 38 -42

Sundag 12. september

Bryne kyrkje

Time kyrkje

16. søndag i treeiningstida

11.00

11.00

Gudsteneste med familiefokus. 4 års- bok
Gudsteneste

Matt. 5, 10 – 12

Sundag 19. september

Lye forsamlingshus

Undheim kyrkje

Bryne kyrkje

17. søndag i treeiningstida

10.30

10.30

11.00

Gudsteneste
Gudsteneste. Nattverd. Konfirmantpresentasjon
Sundagsskule
Gudsteneste for store og små.
Konfirmantpresentasjon
Sundagsskule

Luk. 7, 11 – 17

Sundag 26. september

Time kyrkje

Bryne kyrkje

Bryne kyrkje

18. søndag i treeiningstida

11.00

11.00

19.00

Gudsteneste med hausttakkefest. Dåp
Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon
Kveldsgudsteneste. Nattverd

Matt. 8, 5 – 13

Sundag 3. oktober

Lye forsamlingshus

Undheim kyrkje

Bryne kyrkje

19. søndag i treeiningstida

10.30

10.30

11.00

Gudsteneste.
Gudsteneste for store og små. Dåp. Hausttakkefest.
CD til 2- åringane. Barnehagen deltek.
Gudsteneste med familiefokus.
Nattverd. Misjonstivoli.

5. Mos. 30. 11 – 15

Sundag 10. oktober

Time kyrkje

Bryne kyrkje

20. søndag i treeiningstida

11.00

11.00

Gudsteneste. Gullkonfirmantjubileum
Gudsteneste. Dåp

Mark. 10, 2 - 9

Sundag 17. oktober

Lye forsamlingshus

Undheim kyrkje

Bryne kyrkje

21. søndag i treeingstida

10.30

10.30

19.00

Gudsteneste. Sundagsskule
Gudsteneste. Dåp. Sundagsskule
Kveldsgudsteneste. Nattverd

Luk. 16, 19 – 31

Sundag 24. oktober

Bryne kyrkje

Time kyrkje

22. søndag i treeiningstida

11.00

11.00

Gudsteneste. Dåp. Sundagsskule
Gudsteneste.

Joh. 12, 35 – 36

Sundag 31. oktober

Lye forsamlingshus

Undheim kyrkje

Bryne kyrkje

Bots- og bededag

10.30

10.30

11.00

Gudsteneste
Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule
Gudsteneste. Sundagsskule

Luk. 18, 9 – 14

Sundag 7. november

Bryne kyrkje

Time kyrkje

Time kyrkje

Helgemesse

11.00

11.00

19.00

Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule
Gudsteneste.
Minnegudsteneste

Matt 5, 13 - 16

Sundag 14. november

Lye forsamlingshus

Undheim kyrkje

Bryne kyrkje

Bryne kyrkje

25. søndag i treiningstida

10.30

10.30

11.00

19.00

Gudsteneste. Sundagsskule
Gudsteneste. Dåp. Sundagsskule
Gudsteneste med familiefokus.
Nattverd. Lys vaken.
Kveldsgudsteneste. Nattverd

Matt. 14, 22 – 34

Sundag 21. november

Time kyrkje

Bryne kyrkje

Kristi kongedag

11.00

11.00

Gudsteneste. Lys vaken
Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule

Matt. 25, 1 – 13

Sundag 28. november

Lye forsamlingshus

Undheim kyrkje

Bryne kyrkje

1. søndag i advent

10.30

10.30

18.00

Gudsteneste. Sundagsskule
Gudsteneste for store og små. Dåp. 4 års- bok
Lysmesse. Speidarane deltek.